



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Administrasjonsutvalet	06.12.2012	032/12

Avgjerd av: Administrasjonsutvalet Saksbehandlar: Marit Rognes	Objekt: Arkiv: 420 &31	Arkivsaknr.: 12/1753-1
---	---	----------------------------------

Høyring: Openheit om lønn - lønnsstatistikkar og opplysningsplikt (forslag om endringar i diskrimineringslovene)

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
185448	Høyringsnotat - openheit om lønn
185452	Vedlegg - høyring openheilt om lønn

Bakgrunn for saka:

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet har sendt ut på høyring eit forslag om å lovfeste

- ei plikt for arbeidsgjevarar til å utarbeide lønnsstatistikk fordelt på kjønn på verksemdsnivå, og
- ein rett til å få lønnsopplysningar ved mistanke om lønnsdiskriminering på grunn av kjønn, etnisitet, religion, livssyn, nedsett funksjonsevne, seksuell orientering og kjønnsidentitet.

Saksutgreiing:

Plikten til å utarbeide lønnsstatistikkar skal etter forslaget lovfestast i likestillingslova. Opplysningsplikta skal etter forslaget lovfestast i likestillingslova, diskrimineringslova, diskriminerings- og tilgjengelegheitslova og i ei ny lov om forbod mot diskriminering på grunn av seksuell orientering og kjønnsidentitet.

Formålet med lønnsstatistikkar og opplysningsplikt er å skape større openheit om lønn på arbeidsplassen. Større openheit om kva dei tilsette i verksemda tener vil synleggjere lønnsforskjellar, gjere det enklare å finne treffande tiltak for likelønn, motverke konkrete tilfelle av lønnsdiskriminering og gjere det enklare å ta opp saker om lønnsdiskriminering.

Forslaga er ein del av regjeringa si oppfølging av stortingsmeldinga om likelønn (Meld St.6 (2010 – 2011) *Likestilling for likelønn*). Regjeringa melder der at den «vil sikre at det utarbeides lønnsstatistikker knyttet til kjønn på virksomhetsnivå og en plikt for arbeidsgivere til å opplyse om lønn ved mistanke om lønnsdiskriminering».

Spørsmålet om behovet for slike tiltak har vore drøfta og sendt på høyring i tilknytning til innstillingane frå Likelønnskommisjonen (NOU 2008:6), Diskrimineringslovutvalet (2009:14) og Likestillingsutvalet (NOU 2011:18).

Departementet fremjar i dette høyringsnotatet konkrete forslag til korleis tiltaka skal gjennomførast. Departementet sitt forslag er oppsummert i høyringsnotatet punkt 1.3, med

nærare drøfting i punkta 2 og 3. Høyringsinstansane blir særleg bedne om å vurdere dei spørsmåla som er formulerte i punkt 1.1.

Bakgrunnsmateriale om gjeldande rett, nordisk rett og lovforslag som har vore på høyring er tekne inn i eit vedlegg til høyringsnotatet.

Høyringsfristen er 13. desember 2012.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Ingen.

Rådmannen si vurdering:

I statlege, kommunale og fylkeskommunale verksemder har tilsette etter offentleglova rett til innsyn i lønnsopplysningar (bruttolønn) og i forhandlingsprotokollar. Tillitsvalde har alt tilgang til lønnsopplysningar i samband med lønnsforhandlingane. Det blir arbeidd med å få til betre lønnsstatistikkar fordelt på kjønn. Det same gjeld samanlikning av lønnsutvikling over tid innan ulike yrkesgrupper og stillingskoder.

Eg meiner at vi gjennom det lov- og avtaleverket vi har, kan handtere desse temaa på ein god og ryddig måte og vil ikkje gå inn for meir lovfesting på desse områda.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Gloppen kommune v/administrasjonsutvalet viser til rådmannen si saksutgreiing og meiner at det ikkje er behov for meir lovfesting på desse områda.

Etter vårt syn gjev det lov- og avtaleverket vi har i dag tilstrekkeleg grunnlag for å handtere innsyn og openheit om lønn og lønnsdanning i kommunal sektor på ein god og ryddig måte.

06.12.2012 ADMINISTRASJONSUTVALET

032/12 VEDTAK:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.